

12/6-23

13.6.2023

Osterøy Kommune
V/landbrukskontoret

GNR 9 BNR 21 I OSTERØY KOMMUNE
SØKNAD OM FRÅDELING AV TOMT

Kari og Henry Hannisdal er eigarar av bruket. Fram til april månad 2023 var me også eigarar av gnr 9 bnr 33, som er utskilt fra 9/21.

For eit par år sidan flytta sonen vår Svein Erik Hannisdal frå Tveiten, Hosanger til Borgo i bustadhuset på 9/21. Det var då med sikte på at han med tida skulle overta 9/21.

Etter den tid har Kari og eg fått trong for ein mindre bustad og me skal flytta ut av kommunen 1. Juli 2023.

Huset på 9/33 er meir eigna enn huset på 9/21 så Svein Erik valde å kjøpa 9/33 som ny bustad. I praksis overtar han bustaden 1. juli.

Huset på 9/21 vert frå same dato ståande tomt.

For å unngå at huset vert ståande til forfall, søker me om å få skilja ut ei høveleg tomt og leggja det ut for sal.

Tiltaket vil ikkje få nokon negativ innverknad på drifta eller bruken av resten av 9/21.

For nærmiljøet vil det verka i positiv retning at det bur folk i huset.

Me legg ved skisse over eigedomen med framlegg til storleik på den nye tomta.

Dersom frådelinga vert godkjend kan resten av eigedomen 9/21 skøyttas over til Svein Erik Hannisdal.


Henry Hannisdal


Kari Hannisdal

PS: Til Dykkar ref. 23/1886 - 23/13504 vil me berre opplyse at pantet på 9/21 vart innfridd 31.5.23, så det er å beklaga at panthavaren ev kartverket ikkje har registrert det.